

# **EIGARSTRATEGI FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)**

(Vedtatt i Herøy kommunestyre 29/09-2016 i sak K 146/16  
Ulstein kommunestyre 27/10-2016 i sak PS 16/81  
Hareid kommunestyre 15/12-2016 i sak PS 101/16  
Sande kommunestyre 8/11-2016 i sak PS 72/16)

## **1 Eigarskapet**

- 1.1 SSR er eigd av kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande.

## **2 Formålet med ein eigarstrategi – rolle, oppgåver og handlingsrom**

- 2.1 SSR si kjerneverksemd er ei lovpålagd teneste som ligg under kommunane sitt ansvarsområde.
- 2.2 Eigarstrategien skal sikre at SSR si verksemd har demokratisk forankring i eigarkommunane. Den skal sikre at SSR realiserer kommunane sine politiske mål og strategi for verksemda.
- 2.3 Eigarstrategien skal sikre at SSR har nødvendige verkemiddel og legitimitet for å finne løysingar og ta i bruk verkemiddel basert på trygghet og forutsigbarheit frå eigarkommunane. Eigarane ønskjer å gi selskapet eit eintydig mandat og handlingsrom for sine strategiske og faglege vurderingar .
- 2.4 Selskapet skal ivareta dei rollene og utføre dei oppgåvene som eigarane anser som hensiktsmessige for å realisere eigarane sitt formål med selskapet.

## **3 Krav til SSR si verksemd og eigarane sine forventningar**

- 3.1 Selskapet skal vere eigarkommunane sitt forvaltings- og bestillarorgan som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsboligar, skular, barnehagar og offentleg verksemd.
- 3.2 SSR skal sikre eit framtidretta og berekraftig tenestetilbod, der det er lagt vekt på eigarkommunane sine ambisjonar om reduserte utslepp av klimagassar, og at det er tilrettelagt for kjeldesortering og gjenvinning av ressursane i avfallet.

(Eigarstrategien er på 4 sider)

- 3.3 SSR skal sikre eit brukarvennleg, fleksibelt og likeverdig tenestetilbod for alle innbyggerane, der ein på ein positiv måte stimulerer til berekraftige haldningar og åtferd.
- 3.4 SSR skal sikre eit kostnadseffektivt tenestetilbod, basert på samarbeid og stordrift, til konkurransedyktige prisar.
- 3.5 I tillegg forventar eigarkommunane at selskapet:
  - er eigarkommunane sin primærrådgivar i avfallsrelaterte spørsmål.
  - er ein synleg og tydeleg samfunnsaktør i det haldningsskapande arbeidet i befolkninga.

## **4 Samfunn og miljø**

- 4.1 SSR skal ivareta eigarkommunane si rolle som samfunnsaktør i spørsmål om lokal og regional utnytting av ressursane i hushaldningsavfallet i selskapet sitt nedslagsfelt, herunder gjenvinning av energi og material. Gjenbrukstorg og grein plassar er nemnt som ordningar ønska av eigarane. SSR skal forsøke å unngå å legge til rette for ordningar som konkurrerer direkte med frivillige organisasjonar. SSR skal på denne måten bidra til å skape meirverdiar for samfunnet gjennom forretningsmessig samarbeid og partnerskap med andre samfunnsaktørar.
- 4.2 Eigarkommunane forventar at SSR tar ansvar for å arbeide for at eigarkommunane når det nasjonale hovudmålet om reduksjon i avfall frå hushaldningane. For øvrig skal nasjonale og internasjonale mål reflektere selskapet si verksemd.

## **5 Årleg eigarmelding**

- 5.1 Selskapet skal årleg levere eigarmelding. Denne skal behandlast av representantskapet og framleggast for eigarkommunane. Meldinga skal rapportere i høve til gjeldande eigarstrategi og selskapet sin strategi. Eigarmeldingane skal primært vise i kva grad selskapet oppfyller eigarane sine forventningar og selskapet sine egne mål, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

## **6 Endringar i renovasjonsforskrifta**

- 6.1 Endringar i renovasjonsforskrifta, som kjem med bakgrunn i planlagde endringar i tenestetilbodet, skal leggast fram for omforent politisk behandling i kommunestyra.

## **7 Endringar i renovasjonsgebyra**

- 7.1 I høve eigarkommunane si behandling av økonomiplanar, skal selskapet sitt styre legge fram berekningsgrunnlag for renovasjonsgebyr dei komande åra. SSR skal fremme forslag om

(Eigarstrategien er på 4 sider)

endringar i renovasjonsgebyret til den enkelte eigarkommune etter forutgåande behandling i representantskapet.

## **8 Informasjon og kundetilfredsheit**

- 8.1 Eigarane legg til grunn at informasjon står sentralt for å realisere selskapet sine målsettingar, både med omsyn til kundetilfredsheit og til fastsette miljøkrav. Informasjon skal i stor grad rettast mot skular og barnehagar.
- 8.2 Som ledd i informasjonsarbeidet skal det sendast ut ein kjeldesorteringskalendar kvart år. Etter kvart kan denne bli endra til å bli kun elektronisk.
- 8.3 God kundetilfredsheit er ein føresetnad for å kunne lukkast med å nå dei strategiske måla. Det gjeld både lokalmottaka/miljøstasjonane, returpunkta, greinplassar m.m. Desse må vere av høg kvalitet estetisk sett og gi kundane positive opplevingar av at "det nyttar" å sortere. Eigarane forutset at det blir lagt til rette for eit høgt servicenivå for å oppnå auka kundetilfredsheit.
- 8.4 Eigarane ønskjer at selskapet kvart år skal måle kundetilfredsheit opp mot målsetting.

## **9 Næringsverksemd**

- 9.1 Næringsverksemd skal forsterke og underbygge kjerneverksemda og skape eit godt tilbod til små og mellomstore verksemdar. Dette gir effektive løysingar med omsyn til logistikk og lågare gebyr ved at kostnadane ved transport blir fordelt på ulike typer verksemdar.
- 9.2 Det skal stillast forretningsmessige krav til verksemda med omsyn til prising og resultat.

## **10 Greinplassar**

- 10.1 SSR skal ha ansvaret for drift av greinplassar. Det skal leggjast til grunn at den geografiske plasseringa av greinplassane skal behandlast politisk av representantskapet.

## **11 Etikk**

- 11.1 Selskapet skal som ein del av kvalitetssikringssystemet sitt ha etiske retningslinjer, og desse skal gjelde for samtlege tilsette i selskapet samt tillitsvalgte (inkludert medlemmer i representantskapet og styret).

Forts.

(Eigarstrategien er på 4 sider)

## **12 Dialog**

12.1 Det skal vere god kontakt mellom administrasjonen i SSR og administrasjonane i eigarkommunane i drifts- og utviklingsmessige saker.

## **13 Styringsdialogen mellom eigarar og selskapet**

13.1 Styringsdialogen mellom selskapet og eigarane skal skje gjennom:

- Kommunestyra: Politisk behandling av den årlege eigarmeldinga og årlege endringar i renovasjonsgebyra
- Representantskapet: Behandling av selskapsstrategi, eigarmelding, budsjett og årsrekneskap

13.2 Eigarstrategi for selskapet skal leggjast fram for omforent politisk behandling i kommunestyra minst ein gong kvar valgperiode, eller så ofte eigarane finn det nødvendig.

Eigarmelding frå selskapet skal årleg, saman med årsrekneskapet, leggjast fram for kommunestyra til orientering.

Representantskapet tar nødvendige avgjerdsler på vegne av eigarane, med utgangspunkt i gjeldande eigarstrategi, vedtekter (selskapsavtale og forskrift) og selskapsstrategi.

SSR skal informere eigarane undervegs om vesentlege avvik i høve til gjeldande styringsdokument, lover og reglar, som gjeld for selskapet.

SSR skal vere ein høyringsinstans som sikrar rett samspel mellom eigarkommunane ved kommunane si handsaming av enkelte saker som rører ved selskapet si verksemd. Dette kan t.d. omfatte snuplassar, byggefelt, greinklipping m.m.

13.3 Elles føreset eigarane at SSR legg fram for representantskap og eigarar saker av stor og/eller prinsipiell betydning.

## **14 Tilhøvet til selskapsavtala**

14.1 Selskapsavtala skal til ei kvar tid vere samordna med eigarstrategien for selskapet. Revisjon av eigarstrategien skal difor utløyse ein revisjon av selskapsavtala.